

## **Oppgåver før du ser filmen**

1. Kva tenkjer du på når du høyrer ordet overflatebehandling?
2. Gje fem døme på overflatebehandla produkt.

## **Oppgåver til filmen**

1. Kva er korrosjon?
2. Kva er dei vanlegaste formene for overflatebehandling?
3. Kva faremoment kan du bli utsett for ved ulike typar overflatebehandling?
4. Kva HMS-tiltak bør du tenkje på ved overflatebehandling?
5. Det er viktig å starte overflatebehandlinga med sliping, rengjering og grunning. Kva er årsakene til dette?
6. Kvifor bør vi overflatebehandle material?

## **Praktiske oppgåver**

1. Ta eit metallstykkje som er rusta. Vel ein metode og utfør overflatebehandling som gir eit godt og varig resultat.
2. Finn fem produkt i metall som er overflatebehandla på ulike måtar. Her kan læraren eller de sjølve finne fram produkt. Bestem kva som er riktig overflatebehandling på riktig produkt.

## **Fordjupningsoppgåver**

1. Slipar, metallisering, maling og lakkering er døme på overflatebehandling. Nemn minst fem andre døme.
2. Søk på internett eller bruk lærebøker og finn ut kva ein elektrolytt er.
3. Vel deg eit TIP-yrke. Sjekk om det blir brukt overflatebehandling i dette yrket og eventuelt kva behandlingar.